

Vår ref.:
24/01559-13

Dato:
28.06.24

Oppsummering frå IDF-møte 26.06.2024

Tid: 26.06.2024 kl 10.30-11.30 på Zoom

Til stades:

Frå tenestemannsorganisasjonane:

Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet

Jan Ove Mjånes, Akademikerne

Tone Skjerdal, NTL/LO-stat

Karl-Eric Melander, Parat/YS-stat

Hovudverneombod Karin Bell

Frå arbeidsgjevar:

Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør

Anette Fristad, Avdelingsleiar

Anette Undheim, Seniorrådgjevar

Linn Melby Meyer, Seniorrådgjevar

Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar

29/24 Vidare arbeid med omstillingsprosessen

Utgangspunktet for møtet var verksemdsrapporten 1.tertial som styret handsama 13.juni der styret peika på at ein må ta ytterlegare grep for å tilpasse aktiviteten til strammare økonomiske rammer. Tiltaket om tilsettingsstopp som er iverksett verkar, men den økonomiske statusen pr 1.tertial tyder på at det ikkje er tilstrekkelege tiltak for å kome i økonomisk balanse.

Arbeidet med å utmeisle tiltak vil starte over sommaren (august) og arbeidsgjevar vil arbeide tett saman med hovudtillitsvalde og hovudverneombod for å utforme tiltak som kan vere aktuelle. Hovudtillitsvalde og arbeidsgjevar vil ha hyppige møte i prosessen.

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Avdeling
HR - Avdeling for
HR

Saksbehandlar
Wenche Fjørtoft
Telefon:
+47 57 67 61 20

Ramma ein arbeider innan er at styret skal informerast om kva tiltak som er aktuelle i styremøtet 12. september. Vidare skal styret ha eit arbeidsseminar 23/24. oktober og styremøtet 21. november vil gjere vedtak om budsjett og studieportefølje. Tiltaka som vert iverksette skal gje innsparingar slik at forbruket er i samsvar med budsjettramma.

Bakgrunnen for dei strammare tidene ligg i sviktande inntekter knytt til studentrekruttering på store utdanningsområder, bortfall av studieplassar frå korona-tida, og andre kutt kombinert med lite nye friske midlar og tilskot frå staten. Dei siste åra har høgskulen også vakse i utdanningsprogram og i talet på administrative og vitenskaplege årsverk.